

Berre 60, men god stemning

31.12.2009



Diverre kom det berre rundt rekna 60 på romjulsdansen til Aktivitetshusets Damevenner i går kveld der det lokale, men sterkt irskinspirerte Irish Stew (biletet) spela.

- Vi hadde jo håpa på ein stad mellom 100 og 200, men folk flest held seg nok heime på grunn av kulda, seier Janne Hjelmeland.

Men ho legg til at det var god musikk og god stemning sjølv om det ikkje kom så mange på dansegolvet. Og med omsyn til det økonomiske resultatet trur ho at det trass i alt vart ein liten pluss.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

